



Reknes Byggjevarer LL
Selvåg
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3832 - 15/35878

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.11.2015

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 55/38 Bruvoll.

Kommunen viser til søknader om riving av garasje og bustad på gbnr 55/38.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. I samsvar med pbl § 21-3 skal søkeren, ved riving, varsle dei som har pengeheftelsar i eigedomen. Vi kan ikkje sjå at slikt varsel ligg føre. Det må gjerast greie for om det trengs ytterlegare varsling i forhold til pbl § 21-3.
2. Det er søkt om riving av garasje og bustad i to separate søknader om løyve til tiltak i eitt-trinn der tiltakshavar søker om ansvarsrett som sjølvbyggjar. Søknaden om riving av garasje kan handsamast i høve til reglane i pbl § 20-4 der tiltaket kan gjennomførast av tiltakshavar. Når det gjeld søknaden om riving av bustaden er dette eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-3 der det er krav om ansvarlege føretak. Tiltakshavar har søkt om ansvarsrett som sjølvbyggjar. Ifølgje uttale frå DIBK gjeld ikkje sjølvbyggjarparagrafen i SAK 10 § 6-8 for riving:

«Kommunen kan gi lokal godkjenning for ansvarsrett til private som ønsker å bygge egen bolig eller egen fritidsbolig. Det må imidlertid sannsynleggjøres at boligen eller fritidsboligen blir i overensstemmelse med plan- og bygningsloven. Bestemmelsen gir ikke anledning til å være selvbygger for riving av eksisterende bygg»

Det må følgjeleg sendast inn naudsynte ansvarsrettar for gjennomføring av tiltaket før kommunen kan handama søknaden.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.12.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger-Anne og Tommy Andersen	Hetlehovda 14 A	5956	HUNDEVIN
------------------------------	-----------------	------	----------

Mottakarar:

Reknes Byggjeverar LL	Selvåg	5986	HOSTELAND
-----------------------	--------	------	-----------